



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 21/2017

Møtedato: 28.8.17

Møtestad: Vaset

Saksbehandlar: Harald Ranum

Filefjell reinlag, fornying av avtale

Fjellstyret har i sak 13/17 godkjent utkast til avtale som vart forhandla fram med reinlaget. Filefjell reinlag hadde frist til 3.7.17 til å akseptere avtale. FRL godkjente ikkje avtalen innan fristen. I e-post den 23.8.17 til reindriftsforvaltninga, med kopi til fjellstyret, har FRL opplyst at dei vil skrive under avtalen.

Sidan FRL ikkje signerte innan fastsett frist, står fjellstyret fritt til å endre innhald i avtaletilbod. Ved at underskriving av avtale er utsett, vil ein risikere at avtalen ikkje blir gjeldande før driving startar til vinterbeite. Ein bør derfor endre tidspunkt for når avtale trer i kraft. Vidare bør ein ha oppseiingstidspunkt ved årsskifte for å sikre at ein har verkemiddel som beitebot ved ev. seinare oppseiing og forhandling av ny avtale.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret godkjenner avtaleutkast behandla i sak 13/17 med følgjande endring av punkt 10:

10. Varighet av avtale

- a. *Denne avtalen er gjeldene fra partene undertegner avtalen og blir automatisk fornyet for ett år. Avtalen kan sies opp ved årsskifte om avtalen blir sagt opp innen 1. juli. Det forutsettes at avtalen godkjennes av landbruks- og matdepartementet.*

Frist for FRL til å underskrive avtale er 15.9.17. Blir ikkje avtale signert innan denne dato blir fjellstyret sitt tilbod til avtale trekt tilbake.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner avtaleutkast behandla i sak 13/17 med følgjande endring av punkt 10:

10. Varighet av avtale

- a. *Denne avtalen er gjeldene fra partene undertegner avtalen og blir automatisk fornyet for ett år. Avtalen kan sies opp ved årsskifte om avtalen blir sagt opp innen 1. juli. Det forutsettes at avtalen godkjennes av landbruks- og matdepartementet.*

Frist for FRL til å underskrive avtale er 15.9.17. Blir ikkje avtale signert innan denne dato blir fjellstyret sitt tilbod til avtale trekt tilbake.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 29.8.17

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Filefjell reinlag ANS
Fylkesmann i Sør-Trøndelag, reindriftsforvaltninga